



Til medlemmar i Driftsstyret, Kleppe skule

REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE

Måndag 30.09.24 KL.18.00 - 19.30

Stad: Møterom, personalinngang

Tilstade: Mette E Brunnes (andre tilsette), Anne Gunn O Slethei (ped.tilsette), Anne Britt Andersen(ped.tilsette), Hanna Harbo (elevrepr), Kacper Kraska (Elevrepresentant), Aud Hege Myrstøl Skrikrud (Hovudutval, Barn & Unge), Therese Vignes (FAU), Kine Berg (FAU) og Sylvia Gjersdal (rektor)

Forfall: Ingen

Saker:

Sak 01/24-25 Konstituering

Foreldrerepresentant/FAU

- Kine Berg og Therese Vignes

Pedagogisk personal

- Anne Britt Andersen og Anne Gunn Oddsen Slethei
Vara: Aghdas Paya og Hanne Bø Kaspersen

Frå andre personalgrupper

- Mette Erga Brunnes
Vara: Marie Tengesdal

Elevrepresentant/Elevrådsstyret

- Leiar og ein rullerande representant frå elevrådsstyret

Skuleeigar

- Hovudutval skule og barnehage, Aud Hege Myrstøl Skrikrud
- Rektor, Sylvia Gjersdal

Val:

Leiar og nestleiar i SU. Representantar frå elevane og skuleeigar kan ikkje vere leiar og nestleiar.


Leiar: Kine Berg (FAU)

Nestleiar: Therese Vignes (FAU)

Sak 02/24-25 Overgang Driftsstyre til SU

Frå 01.10.24 går Driftstyret over til å bli Samarbeidsutval (SU). Det er vedteke i Hovudutvalet barn & Unge (05.09.24) at alle skular og barnehagar i kommunen skal ha SU frå 01.10.24.

Ny opplæringslov seier dette om skoledemokrati:



Med blick for alle



“Kvar grunnskole og vidaregåande skole skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte. Kvar grunnskole skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skolen. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukarorgan skolane skal ha. Elevane og foreldra skal vere representerte i organ ved grunnskolar, og elevane skal vere representerte i organ ved vidaregåande skolar. Representantar for elevane i den vidaregåande opplæringa har møte- og talerett i fylkeskommunale nemnder på same måten som dei tilsette har etter kommuneloven § 13-4.”

Klepp kommune har vald SU som organ for å ivareta samarbeid mellom alle organa.

Vedtak: Kleppe skule går frå 01.10.24 over til SU.

Sak 03/24-25 Godkjenning av referatet frå 11.06.24

Merknad, sak 23/23-24: Presisering det gjeld økonomiåret 2024.

Referatet vart godkjent.

Sak 04/24-25 Møteplan for Driftstyret 24-25

30.09.24 kl. 18.00-19.30

19.11.24 kl. 18.00-20.00

30.01.25 kl. 18.00-20.00

08.04.25 kl. 18.00-20.00

12.06.25 kl. 18.00-20.00

Møteplanen vart vedteken.

Sak 05/24-25 Høring om forskrift skulefritidsordning i Klepp kommune

Vedtak:


Ingen kommentar. SU dtøtter høringa. Organa kan senda direkte eller til skulen(rektor)

Sak 06/24-25 Høring forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Klepp kommune

Ingen kommentar. SU støttar høringa. Organa kan senda direkte eller til skulen(rektor)

Sak 07/24-25 Høring forskrift om skulereglar for Klepp kommune

Litt drøfting kring språkbruk, skal det stå noko spesifikk om dette?



Med blick for alle



Konsekvensar – kan det stå meir konkret?

Skulane må sjølve konkretisere skulereglane, dei kan ikkje vere for detaljerte, då dei skal favne om 1.-10.trinn.

SU har følgjande innspel til høyringa:

§3 Elevråd. Skal det ikkje vere lenger ned i alder? Vi foreslår 3.trinn. Bra med likt i kommunen.

§ 5 Ha inn det med banning og grovt språk under punkt åtfærd som ikkje er akseptert.

§ 6 a- forslag bør stå konsekvens informasjon til foreldre som eige punkt.

Rektor sender inn innspela til høyringa.

Sak 08/24-25 Orienteringssaker

- Tilbakemelding frå tilsyn miljøretta helsevern
Viser til rapport. Ingen avvik, nokre merknadar/forslag til forbetring.
- Økonomi - status pr august 2024

Totalt eit mindreforbruk på ca 930000, dette er ikkje reelt, då det skyldast prosjektmidlar Tiltak Tidleg Innsats som er kome inn(1500000). Meirforbruk løn på 2022. Meirforbruk skyldast betaling alternative opplæringsarena. I tillegg er det venta inn(bekrefta) ca 420000,- frå IMDI-midler. Det er og høgare inntekter på KFK-midler enn budsjettert, desse kjem inn ved årsslutt. Sjølv om det er venta inn ein del inntekter er det nødvendig å halde fram med allereie iverksette tiltak. Tiltak har hatt effekt, det har vore ei positiv utvikling. Likevel, verd å merke seg at tiltak knytt til kutt i lønsutgifter (for eksempel mindre vikarbruk) er krevjande for personalet og organisasjonen.

Sak 09/24-25 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutval Barn & Unge

Hovudutval Barn& Unge:

Økonomi og Agenda Kaupang sin rapport. Elles ein del orienteringssaker.

Elevråd:

Planlagt elevrådsmøte i veke 43.

Vore rundt i alle klassane og fortalt om elevrådet.


Førebud BUK i veke 45.

Elevrådet sa litt om aksjonsveka i fellessamlinga veke 40.

FAU:

Hatt oppstartsmøte og konstituert seg. Laga møteplan. Det blir refleksdemonstrasjon og reflekskonkurranse.

Skulen/SFO:



Med blick for alle




KLEPP KOMMUNE

Aksjonsveke veke 40. Ny vri med frivilleg betaling, ingen prisar i kafè eller aktivitetar.
Ny avd.leiar (pga fødselspermisjon) Linda Thu startar 14.10.24
Krevande ifht innsparing/meirforbruk - tiltak er iverksett.
Gjenoppbygging Markå barnehage – plan for trafikksikkerheit er igangsett.
Innspeil: Ta med til FAU: Kunne vi hatt felles foreldremøte for fleire trinn på våren?

Klepp kommune, 12.11.24

Sylvia Gjersdal
Rektor



Med blick for alle